

KULTURPRIS UNG, Sparebanken Møre

1. Sparebanken Møre og Hareid kommune ved kultureininga samarbeida om å dele ut Kulturpris Ung, Sparebanken Møre.
2. Kostnadane knytt til prisbeløp og diplom vert dekt av Sparebanken Møre, administrative oppgåver vert utført av kultureininga.
3. Kulturpris Ung, vert tildelt enkeltpersonar under 30 år, grupper , lag eller foreiningar frå Hareid som i løpet av året, eller gjennom fleire år, har markert seg positivt, innanfor det utvida kulturomgrepet.
4. Kulturpris Ung, utdelast som ei oppmuntring for utført innsats, eller som eit stipend.
5. I god tid før utdelinga skal utlysinga kunngjerast i lokalavisa og Hareid kommune sine kanalar. Grunngeve forslag til kandidatar skal meldast inn via skjema på Hareid kommune sine nettsider innan fastsett dato. Namn på kandidatar vert ikkje gjort offentleg.
6. Ei nemnd samansett av representantar frå Sparebanken Møre, ungdomsrådet og Hareid kommune gjer endeleg vedtak om tildeling av Kulturpris Ung. Nemnda kan gje prisen til ein av dei føreslegne kandidatane, eller til ein kandidat nemnda sjølv foreslår.
7. Utdelinga av Kulturpris Ung vert gjort av ordføraren, eller den ordføraren utnemner, i samband med eit høveleg arrangement.